

Lyser ut 4 millionar til marin satsing i 2023

Forprosjekt midla er ein del av Regionale forskingsfond (RFF) og er øremerket FoU-prosjekt retta mot marin næring. Utlysinga er no tilgjengeleg og søknadsfristen er 3. mai med behandling i styret 20. juni.

PUBLISERT 22. MARS 2023 | OPPDATERT 30. NOV. 2023



Foto: Vestland fylkeskommune

Utlysinga skal i hovudtrekk bidra til å løse typiske vestnorske problemstillinga i marin næring. Bedrifter kan søkje.

Tema er:

1. Teknologi- og produksjonsutfordringar i oppdrett

- Lus, fiskesjukdomar, samt eit høgt tal fisk som døyr før slakting, er eit særleg stort problem for lakseoppdrett i Vestland fylke. Vi treng ny kunnskap om korleis vi kan redusere dødelegheit og betre fiskevelferda gjennom optimalisering av ulike produksjonsmetodar.
- Det er framleis behov for forskning kring løysingar knytt til lakselus og oppdrettslaksen sin negative påverknad på vill laks.
- Vi treng også kunnskap om korleis vi kan løyse utfordringar knytt til produksjon av aure, torsk og utvikling av tare som oppdrettsartar.
- Vidare er det behov for forskning som legg til rette for betre bruk av industridata & digitalisering for å møte teknologi- og produksjons-utfordringar i oppdrettsnæringa.

2. Ei sirkulær oppdrettsnæring i Vestland

- Slam frå fiskeoppdrett er ein ressurs som vert nytta i for liten grad. Slikt slam har i mange tilfelle eit høgt næringsinnhold og ei rekke potensielle bruksområde. Vi treng ny kunnskap som bidrar til høgare bruksgrad av slam frå fiskeoppdrett.
- I fiskeoppdrett vert det nytta ulike typar plast, særleg i den sjøbaserte matfisk-fasen. Det er behov for forskning som kan bidra til redusert mengde plast på avvege. Det er også behov for ny kunnskap om korleis auke levetida på plast komponentar, moglegheiter for reperasjon, gjenbruk og forbedra teknologi for gjenvinning av materiale.

3. Meir berekraftig fiskefôr

- Det er mange utfordringar knytt til produksjon av meir berekraftig fôr til oppdrettsfisk. Til dømes er heile 2/3 av klimautsleppa frå fiskeoppdrett knytt til produksjon og transport av fiskefôr. Dette heng mellom anna saman med at berre 1/10 av råvarene har norsk opphav. Det er behov for forskning som gir ny kunnskap om korleis ein kan utnytte norsk råstoff til fiskefôr på ein betre måte. Særleg er det ønskeleg med forskning som rettar seg mot produksjon, teknologi og biologi knytt til råvarer som blåskjel, tunikatar, makroalgar, insekt, gras, mikroalgar, sopp, bakteriar, krill, mesopelagisk fisk og raudåte, osb. – samt bi-produkt frå fiskeri, havbruk, og landbruk.

Utlysinga er publisert

Utlysinga har ei samla pott på 4 millionar kroner. Kvart forskingsprosjekt kan få mellom 200 - 500 000 kroner i støtte.

Du må senda søknaden innan 3. mai for å søknaden behandla innan 20. juni.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.